

---

**Fra:** Anja Vik <av@ardarealplan.no>  
**Sendt:** 16. august 2016 10:21  
**Til:** Kristin Schübeler Nielsen; Postmottak Lindås  
**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol; Oddbjoern Hindenes  
**Emne:** SV: Åsgard småbåthamn - saksnr 2014/7484  
**Vedlegg:** 14044\_Føresegner\_Åsgard småbåthamn\_16.08.2016.docx;  
14044\_Føresegner\_Åsgard småbåthamn\_16.08.2016.pdf;  
14044\_planskildring\_Åsgard småbåthamn\_16.08.2016.pdf; 14044\_Åsgard  
småbåthamn\_plankart\_16.08.2016.dwg; 14044\_Åsgard  
småbåthamn\_plankart\_16.08.2016.pdf; 14044\_Åsgard  
småbåthamn\_plankart\_16.08.2016.sos; 14044\_Åsgard  
småbåthamn\_plankart\_16.08.2016.TXT

Vedlagt er revidert innlevering for Åsgard småbåthamn til handsaminga 31.august.

Med beste helsing  
Anja Vik  
Arealplanleggar  
Ard arealplan as  
Tlf: 55 31 95 00 · Mob: 454 48 769

---

**Fra:** Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]  
**Sendt:** 16. august 2016 10:06  
**Til:** Anja Vik <av@ardarealplan.no>  
**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol <[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Åsgard småbåthamn

Hei!

Her er tilbakemelding på Åsgard. Sjå våre kommentarar med blå tekst under dykkar.

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

**Kristin Nielsen**  
Arealplanleggar/siv.ark  
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

---

**Fra:** Anja Vik [<mailto:av@ardarealplan.no>]  
**Sendt:** tirsdag 16. august 2016 09.31  
**Til:** Kristin Schübeler Nielsen

**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol  
**Emne:** SV: Åsgard småbåthamn  
**Viktighet:** Høy

Hei.

Det meste ser greit ut, men har noen få kommentarer i rødt under. Gi meg beskjed når du har fått sett på dette.

Med beste helsing  
Anja Vik  
Arealplanleggar  
Ard arealplan as  
Tlf: 55 31 95 00 · Mob: 454 48 769

---

**Fra:** Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]  
**Sendt:** 12. august 2016 11:32  
**Til:** Anja Vik <[av@ardarealplan.no](mailto:av@ardarealplan.no)>  
**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol <[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>  
**Emne:** Åsgard småbåthamn

Hei!

Her er tilbakemelding for Åsgard småbåthamn med utgangspunkt i plankart revidert 20.06.16 og planskildring revidert same dato. Eg legg opp til at denne saka kan handsamast i PMU 31. august.

#### **FØRESEGNER:**

- 2.3.3: «Forbikøyringslomme» endrast til «Møteplass». (Forbikøyringslomme vert nytta der to bilar kjem frå same retning og vegen vert utvida til å ha to felt akkurat ved ei avkøyringsmoglegheit, slik at bilar som skal vidare rett fram kan køyre forbi bilar som blir ståande å vente på å kunne svinge av. Møteplass er brukt der vegen i seg sjølv er for smal til at to bilar som kjem mot kvarandre kan passere.) **OK, dette har vi retta.**
- 3.7.4: Denne føresegna kan fjernast. (Den vart brukt tidlegare, men er ikkje aktuell i dag som tiltakshavar må søkje om ei nøyaktig plassering. Indirekte er føresegna riktig, men dette er ein obligatorisk del av byggjesøknaden for alle typar bygg og difor ikkje naudsynt å ha med.) **OK, dette har vi retta.**
- 4.3.1: Endrast til: «Innanfor o\_SVT skal det opparbeidast ein møteplass for køyrety. Møteplassen skal godkjennast av Vegavdelinga i kommunen før den vert etablert. » **OK, dette har vi retta.**
- 4.6.1: Då avkøyrsllepilene er vist som juridisk bindande, ber vi om at det går fram - med eit konkret måltal - av føresegna kva som kjem inn under «eit mindre avvik». Er det t.d. 0,3 meter, eller nærare 1,0 meter? Eit alternativ er å vise dei eksisterande avkøyrslene med vegformål og vise nye avkøyrslar med illustrerande avkøyrsllepil. Slik vil nye tiltak stå friare til å velje plassering av avkøyrslar.

**Det ligg ikkje inne eksakt plassering av alle eksisterande vegliner for avkøyrslar i grunnkartet. Ynskjer derfor ikkje å regulera eksisterande avkøyrslar inn i plankartet med vegføremål. Er det eit alternativ å gjere alle avkøyrslar illustrerande? Om ikkje dette er eit alternativ vil vi leggja inn eit konkret måltal i**

føresegn § 4.6.1. Er 1 meter maksimal avvik vi kan regulera for? Eller kan vi regulera for eit høgre avvik enn dette? Bygga på tomt BFS3 er ikkje prosjektert enno. Eventuelt er det andre måtar vi kan få inn ein viss moglegheit for fleksibilitet – for eksempel «Avkøyrslar kan etablerast med eit mindre avvik på maksimalt 1,0 meter frå dei regulerte avkøyrslarane. **Endeleg plassering skal avklarast i byggjesaken.»?**

Vårt forslag er då at de inntil vidare held på plankartet og føresegna slik ho stod skrive 20.06.2016. (Eventuelle endringar kan takast til 2. gangs handsaming.)

- Ny føresegn: «Rørslehemma skal kunne bevege seg trinnfritt på og mellom område BBS og flytebrygga/-ene.» **OK - under § 3.6 som gjeld for BBS?**

Ja, det er ei grei plassering av føresegna.

- Ny føresegn: vi ber om at det vert lagt inn ei ny føresegn som seier «Båtar skal ikkje lagrast utandørs på land.» **OK - under § 3.6 som gjeld for BBS?**

Ja, det er nok den beste plasseringa av denne føresegna.

- Ny føresegn/rekkefølgekrav: VA-rammeplan skal vere utarbeidd og godkjent av kommunen før det kan verte søkt om byggjeløyve innanfor BFS3, BBS og VS. (Dette er særleg fordi det må skildrast at det er tilstrekkeleg tilgang på slokkevatn/trykk på slokkevatnet om ferskvatn nyttast, og løysing for sjøvatn, om ein nyttar dette.) **OK, dette har vi tatt inn.**

#### **BFS2:**

Vi ber om at utnyttingsgraden innanfor BFS2 senkast frå 50% BYA til 40% BYA. BYA for denne eigedomen er i dag tett oppunder 40%, og det er ikkje meininga at denne eigedomen skal kunne foreta ei stor utviding, men kommunen ønskjer heller ikkje å stenge for mindre tiltak på tomta. Å gå ut over 40% vil for denne bratte eigedomen m.a. også føre til at kommunen sitt generelle krav på 200 m<sup>2</sup> MUA vil vere umogleg å stette.

Som skildra i planskildringa på s.20 er bygd areal på tomten i dag til saman ca. 263 m<sup>2</sup> (inkl. bustad, terrasse, parkeringsplassar). Med 40 % BYA opnar ein for 248 m<sup>2</sup> – det vil sei 15 m<sup>2</sup> mindre enn det som er bygd i dag. Med 50 % BYA opnar ein for 47 m<sup>2</sup> meir enn det som er bygd i dag. Om kommunen synes dette er for mykje med 50 % kan kanskje 45 % BYA vera eit alternativ? Då opnar ein for 279 m<sup>2</sup>, som er 16 m<sup>2</sup> meir enn det som er bygd i dag.

Vårt forslag vil då vere 45% BYA.

#### **BFS3:**

Vi ber om at utnyttingsgraden innanfor BFS2 senkast frå 40% BYA til 35% BYA.  
**OK, dette har vi endra.**

Med venleg helsing



**Kristin Nielsen**

Arealplanleggar/siv.ark  
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03